

Samisk påverknad på norsk språk ¹

Av Tove Bull
Universitetet i Tromsø

Samandrag

Artikkelen diskuterer potensiell innverknad frå samisk på norsk i eit diakront perspektiv, frå så langt attende i tida som vi har noko som helst slags kjeldegrunnlag for å vite noko om dei aktuelle språka. Drøftinga har utgangspunkt i dei gjengse førestillingane om ein einvegs språkkontakt mellom nordiske språk og finsk-ugrisk frå urnordisk tid, frå nordisk til finsk og samisk, men ikkje vice versa.

Artikkelen er kronologisk bygd opp i tre delar. For perioden mellom det 6. og det 11. hundreåret blir prefikstap, inn-suffigering (utvikling av etterhengt bestemt artikkel) og preaspirasjon tolka som samisk substrat i nordisk. Utvalde substrat-fenomen i perioden mellom det 12. og det 14. hundreåret er samansette preposisjonar og konsonantlenging. Til slutt blir enkelte nyare, meir ustabile og idiosynkratiske språktrekk drøfta som eksempel på substrattrekk i samtidas nordlege nordnorske dialektar: diffus og ustabil genustilskrivning, ”uortodoks” bruk av bunden og ubunden artikkel, objektstryking, illative kasusformer, verbvalens og leddstilling.

Stikkord: samiske språk, nordiske språk, diakroni, substrat, samiske substrattrekk i skandinavisk.

Innleiing

I språkvitskapen opererer vi med omgrep som språk, dialekt, førstespråk og andrespråk som eintydige og diskrete storleikar. Jamvel nemningane ein-

språklegheit, tospråklegheit og fleirspråklegheit impliserer at språk enkelt kan skiljast frå kvarandre, at dei kan teljas. Det er først når nokon spør om kor mange språk det er i verda, at språkvitskapen gjer det klart at spørsmålet på sett og vis er meiningslaust; språk kan ikkje haldast frå kvarandre på nokon enkel måte. Det vi oppfattar som enkeltspråk, er ikkje diskrete på den måten at dei kan talfestast. Så når somme lingvistar meiner rundt 5000, andre rundt 6000 og atter andre 7000, viser det kor flytande og i mange tilfelle ikkje-eksisterande 'grensene' mellom varietetar som normalt blir omtalte som åtskilte språk, er. Likevel bruker vi omgrepet språk som om norsk er *eitt* språk, svensk eit anna, nordsamisk² eit tredje og vietnamesisk eit fjerde. Ein som t.d. er vaksen opp i Finnmark, med fleire generasjonar av forfedrar og –mødrer bak seg i fylket, har nærmast per definisjon *anten* norsk, nordsamisk *eller* kvensk som morsmål. Anten-eller-perspektivet har totalt skugga for eit både-og, litt av kvart – eller midt-imellom-perspektiv.³ På grunnlag av det vi veit om dei språka som gjennom hundreåra har levd jamsides i det nordlege Skandinavia, vil eg i denne artikkelen prøve å slå hol på myten om at dei aktuelle språka alltid har vore og framleis er heilt åtskilte, diskrete og uavhengige av kvarandre. Døme hentar eg først og fremst frå norsk og ulike samiske språk.

At vi synkront og på individnivå erfarer det vi normalt omtaler som ulike språk, som diskrete storleikar, er så si sak. Skriftspråkutvikling, standardisering og normering i dei aktuelle språka bidrar sterkt til ei slik erfaring. Men ønskjer vi å forstå diakron utvikling, må vi vere opne for ulike og delvis motstridande forklaringar på språkending, og ofte forklaringar som involverer fleire språk.

Det siste er det nok semje om. Trass i det vil truleg overskrifta til denne artikkelen vekke motførestillingar. Ho slår nemleg fast at det i norsk språk finst eit finsk-ugrisk, nærmare bestemt samisk, substratgrunnlag. Overskrifta seier altså at norsk er påverka av samisk. Dette impliserer at nordgermanske språk har utvikla seg annleis enn vest- og austgermansk iallfall delvis på grunn av kontakten med finsk-ugrisk. I det ligg det vidare ein påstand om at nordgermanske språk ville sett annleis ut utan kontakten med finsk-ugrisk. Eg vil såleis argumentere for ein hypotese som går ut på at nordgermanske språk skil seg ut frå andre germanske språk nettopp fordi desse språka (først og fremst norsk og svensk, men for ein del også islandsk, færøysk og dansk⁴) gjennom hundreåra er blitt danna som resultat av språkkontakt med finsk-ugriske språk, primært samiske språk. Og vice versa: Samisk på si side er blitt forma (som åtskild frå austersjøfinske språk) på grunnlag av kontakten

med nordgermansk. Det siste har eg ingen faglege føresetnader for å vise. Eg kastar likevel fram ein hypotese om ein gjensidig formativ periode for nordgermansk og samisk frå om lag starten av vår tidsrekning og gjennom godt og vel det første tusenåret etter år 0.⁵ Ein del *dialekt*fenomen i norsk og svensk som kan ha opphav i samisk (og/eller finsk), har oppstått seinare.

Når eg reknar med at dette er ein kontroversiell hypotese, kjem det dels av at lingvistikken tradisjonelt har føretrakt språkinterne forklaringar på språkutvikling og språkending framfor sosiolingvistiske forklaringar med rot i språkkontakt. Internlingvistiske strukturforklaringar, tilvisingar til ein universell grammatikk eller andre dekontekstualiserte resonnement har dominert gjennom heile lingvistikkhistoria. I løpet av dei siste par tiåra har språkkontakt som forklaring rett nok fått større gjennomslag i den lingvistiske faglitteraturen (t.d. Thomason & Kaufman 1988, Thomason 2001, Börestam og Huss (red.) 2001, Winford 2003, Jones and Singh 2005). Hittil har likevel ikkje hypotesen om at mange særeigne (i høve til aust- og vestgermansk) nordgermanske språktrekk heng saman med kontakten med samisk, fått gjennomslag i dei relevante fagmiljøa. Eitt einaste av mange mulege døme får rekkje som dokumentasjon:

A few Finnish or Saami loanwords concerning special Saami and Finnish matters and some features in the outmost northern Norwegian dialects are the only *possible* [mi utheving] Saami or Finnish influence on the Norwegian language. (Jahr 1997:943).

Poenget med å ta opp dette temaet i eit tidsskrift for norsk som andrespråk er å prøve å påvise at jamvel om språkkontakt tradisjonelt har vore undervurdert av lingvistar og kanskje særleg språkhistorikarar, er teoriar som involverer språkkontakt heilt naudsynte om vi ønskjer å forstå ikkje berre språkhistorisk utvikling, men òg dei *språkbrytingane* som synkront går føre seg på individ- og gruppenivå i samfunn der ulike språk møtest.

Jamvel om det i seinare år er publisert fleire språkkontaktstudiar, anten av generell karakter (t.d. Thomason & Kaufman 1988) eller studiar som involverer utvalde enkeltspråk (jf. Winford 2003, Bull og Lindgren (red.) 2009), er det tydelegvis framleis mange som har vanskar med å ta innover seg at det t.d. i norsk finst mange, nærmast konstituerande samiske subst-ratdrag. Det gjeld i norsk (og svensk) heilt generelt, og ikkje berre i nordlege varietetar. Vi må såleis kunne gå ut frå at den språkkontakten som går føre seg i vår tid, ikkje minst på grunn av stor global mobilitet og immigra-

sjon til vår del av verda, vil komme til å påverke utviklinga av norsk språk i framtida. Det ser vi alt no døme på, for eksempel i språkutviklinga i Oslo, m.a. gjennom det såkalla UPUS-prosjektet (t.d. Opsahl et al. 2008 og Svendsen og Røyneland 2008).

For di omgrepet 'språkblanding' ofte konnoterer noko negativt, synest det vere slik at dersom det vi oppfattar som 'vårt eige' språk, får ord på seg for å vere 'blanda', ja, da er det sett eit så negativt stempel på det aktuelle språket at det rammar språkbukaren med full kraft. Eit svært nærliggjande eksempel skulle vere nok for å vise dette: Den som blir skulda for å 'kvenske' (dvs. å snakke norsk med kvensk substrat) i dei norske språksamfunna der det er aktuelt, blir utsett for ein sterkt negativ dom. Uttrykket 'kebabnorsk' konnoterer noko liknande som 'kvensking'. Det kan sjå ut som om di nærmare skuldinga om 'språkblanding' kjem eins 'eige' språk, di verre er det for den einskilde språkbukaren.⁶ Ein interessant parallell er språkforholda på Balkan. Der snakkar vi om 'Sprachbund'⁷, mens ideen om at det eksisterer eit like sterkt 'Sprachbund' i Skandinavia, og da mellom nordgermansk og finsk-ugrisk, har på ingen måte same gjennomslagskraft i områda det er tale om. Rett nok aksepterer vi utan vidare at det finst mange (ur)nordiske lånord i samisk og finsk. Det er språkhistorisk opplese og vedtatt. Men omvendt: Samisk påverknad på norsk og svensk, jamvel djup strukturell påverknad? Det er ikkje like lett å godta for norsktalande. Afrikaans er også ein interessant parallell. Det er eit kreolspråk⁸, og afrikaans-talande veit det. Dei aksepterer utan vidare at språket har utvikla seg på grunnlag av at nederlandsk kom i kontakt med ei rekkje andre språk, indiske språk, malayisk, engelsk, fransk, men at andre afrikanske språk har hatt nokon innverknad på afrikaans, noko som frå ein lingvistisk ståstad er heilt opplagt, det vil mange av dei ikkje ha noko av. Det kan altså sjå ut som om afrikaansspråklege utan vidare no godtar at afrikaans er 'blanda', men dei avviser at det i denne 'blandinga' finst ingrediensar frå dei nærmaste granespråka. Mange norsktalande finnmarkingar har på same måten store motførestillingar mot å akseptere at norsken deira er 'blanda' med samisk. Derimot synest det vere mykje lettare å akseptere, og jamvel verdsetje, at norsk er under påverknad frå engelsk.⁹

Med dette som bakgrunn vil eg i det følgjande ta opp eit utval strukturdrag i norsk som potensielt kan forklarast som resultat av språkkontakt med samisk, men som tradisjonelt er blitt oppfatta som resultat av autonom språkintern utvikling. Eg byggjer i denne samanhengen i stor grad på arbeid av Jurji Kusmenko (t.d. 1980, 1983, 2004, 2005, men særleg 2008 som sam-

lar opp i seg mykje av det Kusmenko har skrive om samisk-skandinavisk språkkontakt (tidlegare), men også arbeid av Michael Rießler (2001, 2002, 2004a, 2004b, 2006), og fellesarbeid mellom Kusmenko og Rießler (t.d. 2000). Før Kusmenko tok til å arbeide med språkkontakt mellom nordgermansk og finsk-ugrisk, var det publisert ei rekkje arbeid av andre forskarar (t.d. Kylstra 1967 og 1983), og parallelt med Kusmenko har også andre bidratt med interessante hypotesar og for ein del viktige forskingsresultat (Wiik 1995, 1997 og 1999). Mange av desse arbeida har igjen eit sterkt grunnlag i nyare forskning i historie og arkeologi (t.d. Hansen og Olsen 2004 og Zachrisson 1996, 1997, 2001, 2003, 2004, 2006).

Vilkår for språkkontakt

Vi talar om *språkkontakt* og *språk i kontakt*, men i realiteten er det jo menneske som er i kontakt med kvarandre, menneske som snakkar ulike språk eller ulike dialektar. For at kontakt menneske imellom skal kunne føre til språkending i ein eller fleire av dei involverte språklege varietetane, må visse vilkår vere oppfylte, m.a. vilkår som dreier seg om tid og stad. Kontakten må gå føre seg over ei viss tid; ofte er det snakk om hundreår, i det minste tiår, og det må òg eksistere eit nokolunde samanhengande geografisk område der denne kontakten skjer. I tillegg er storleiken på dei involverte språkgruppene relevant; språkbrukarane må vere mange nok til at nyutvikla språkdrag med rot i kontakten med det andre språket skal kunne feste språkleg rot og først vidare til nye generasjonar språkbrukarar. Dette er naudsynte, men ikkje tilstrekkelege vilkår. To språk kan godt vere i bruk side om side innanfor eit geografisk avgrensa område utan at dei har nokon innverknad på kvarandre. Folk må ha noko med kvarandre å gjere for at språkkontakt skal kunne oppstå. Dei må samhandle. Andre sosiale vilkår er òg viktige. Oftast er det slik at vi importerer språkgods, t.d. ord, frå språk som blir talte av menneske med høgare sosial prestisje enn oss sjølve. Men ikkje nødvendigvis alltid; dei labovske nemningane 'overt' og 'covert prestige' (Labov 1972) seier noko om at sjølve prestisjeomgrepet er relativt. I situasjonar der eit språk er i ferd med å bli bytt ut med eit anna, er det vidare gjerne slik at første- og andregenerasjonsbrukarane av det 'nye' språket (S2) har med seg ei rekkje substratfenomen frå det 'gamle' språket (S1) inn i S2. Desse trekka kan bli overførte til nye generasjonar og spreidde også til morsmålsbrukarar av S2, som for desse språkbrukarane sjølvstapt er S1.

Forholdet mellom samar og nordisktalande

I nyare tid, frå om lag 1850 og opp mot slutten av 1900-talet, har samane i Norden hatt ein sosial og politisk posisjon prega av reell og over lang tid også formell og juridisk asymmetri i høve til majoritetsbefolkninga. Det finst ei rekkje døme på dette, døme som for oss i dag kan verke både latterlege og groteske. (jf. Eriksen og Niemi 1981). Nasjonalisme og sosialdarwinisme forklarar asymmetrien ideologisk. Her ligg truleg også forklaringa på den motviljen mange har mot å akseptere at samiske språk kan ha verka inn på norsk. Lingvistar har brukt denne sosiale asymmetrien som generell argumentasjon for påstanden om at skandinavisk er upåverka av samisk, jamvel om samisk på si side har lånt ei rekkje ord frå skandinavisk. Resonnementet har altså gått ut på at sosial og politisk asymmetri fører til språkkontaktasymmetri. Dei sterkaste gruppene låner til dei svakaste gruppene, som da blir låntakarar eller importørar av nytt språkgods (t.d. Jahr 1997: 943). Dette kan det sjølvstundt vere noko i. Vi treng berre sjå på den sterke posisjonen engelsk har overalt i dag, om vi ønskjer å dokumentere denne påstanden med eit anna døme. Likevel har påstanden altfor sterk generaliserande kraft. Om det norske storsamfunnet gjennom lang tid rangerte samar og norsktalande i høve til kvarandre med norsktalande på toppen av hierarkiet og samar på botnen, betyr ikkje det nødvendigvis at det same hierarkiske forholdet og same asymmetrien eksisterte i alle lokalsamfunn. Det er iallfall heilt klart at kontakten med samisk verka sterkt inn på norsk språk i mange nordnorske lokalsamfunn også gjennom den strengaste fornorskings- og assimilasjonsperioden (Johansen 2009). Ein annan alvorleg tankefeil som den sterke generaliseringa har ført til, er at ein har tatt for gjeve at det ujambyrdige forholdet mellom nordmenn og samar under nasjonalismen og sosialdarwinismen kan projiserast attende i tid og gjerast gjeldande også for den fjerne fortida. Dette er sjølvstundt ein svært alvorleg tankefeil. No har arkeologar og historikarar (t.d. Zachrisson 1997, 2001, 2004, Hansen og Olsen 2004) vist at relasjonane faktisk var heilt annleis, og mykje meir symmetriske, i før-kristen tid og langt inn i tida etter kristninga av Skandinavia. Dette kjem vi attende til nedanfor.

Eit utval samiske substratdrag i norsk

Påstanden min går altså ut på at nordgermanske og samiske språk for ein del har utvikla seg som dei har, gjennom gjensidig påverknad. Denne gjen-

sidige formative påverknaden går så langt attende i tid som vi kan tale om samiske og nordgermanske språk. Dette er ein så sterk påstand at han neppe kan 'bevisast'.¹⁰ Eg vil likevel prøve å vise at så lenge norsk språk har eksistert, har kontakten med samisk på ymse måtar verka inn på språkutviklinga. Eg vil hente eksempel frå ulike historiske periodar, først frå fellesskandinavisk eller urnordisk tid, så frå tida mellom det 12. og det 14. hundreåret og til slutt nokre døme frå vår eiga tid. For dei to første periodane kviler resonnementa mine tungt på Jurij Kusmenkos forskning (primært Kusmenko 2008); for den siste tida er døma henta dels frå mi eiga forskning og dels frå forskinga til kollegaer ved Universitetet i Tromsø (t.d. Bull 1994, 2004, Bull et al. 1986, Johansen 2009, Pedersen 1988, 1994, Sollid 2005). Ut frå presentasjonen nedanfor kan det sjå ut som om den formative påverknaden har vore sterkast i den tidlegaste perioden. Seinare har han verka inn berre på delar av norsk (og svensk) språk, altså på bestemte dialektar. Mange av døma frå den siste tida er døme på språktrekk som kan sjå ut til å vere på veg ut av dei varietetane som har hatt desse trekka. Denne gradvis svakare utviklinga – og eventuelt reverseringa av substrattrekk gjev god mening. Dels handlar det om at samane gjennom hundreåra fekk redusert busetnadsområdet sitt monaleg; dei blei gradvis trengde lengre og lengre nordover. I løpet av den relativt lange fornorskings- og assimilasjonsperioden blei samisk språk og kultur dessutan sterkt stigmatisert. Dels handlar det om auka skriftspråkskunne og meir skolegang for stadig større delar av befolkninga, inkludert den samiske. Det er all grunn til å tru at i skriftspråksamfunn med vekt på språknormering og –standardisering vil vilkåra for språkkontakt og for språkending som følgje av språkkontakt vere annleis enn i reint munnlege språkkulturar.

Fellesskandinavisk/urnordisk tid

Ei rekkje morfologiske og morfosyntaktiske språktrekk som oppstod i nordgermanske språk mellom det 6. og det 11. hundreåret, kan ha hatt opphav i samisk. Kusmenko 2008 nemner tap av prefiks, utviklinga av suffigert artikkel, suffigert passiv og suffigert negasjon. I tillegg blir fleire fonologiske og fonetiske fenomen som oppstår i same tidsrommet, rekna som samisk substrat, nemleg preaspirasjon, preplosjon av geminerte sonantar (Verschärfung på tysk, vel også brukt på norsk) og nasalassimilasjon. Det seier seg mest sjølv at når ein arbeider med så gamle språkhistoriske data¹¹, må dei

resonnementa ein gjer seg og den argumentasjonen ein fører, nødvendigvis bli spekulative. Konklusjonane ein trekkjer, kan på ingen måte reknast som 'bevis'. Så om dei nemnde språktrekka er eller ikkje er resultat av språkkontakt med samisk, kan vi ikkje vite sikkert. På grunnlag av den argumentasjonen som blir ført, kan vi halde språkkontakt- og substrathypotesen for meir eller mindre sannsynleg. Men det same gjeld jo i like høg grad dei språkinterne forklaringane på dei same fenomena, altså dei forklaringane som til i det siste har vore haldne for rette og sanne, i den forstand at mest ingen har stilt spørsmål ved dei.

Her er det berre plass til å gå inn på eit lite utval av språktrekk. Eg har valt ut tre drag som eg sjølv reknar som sterkt sannsynlege samiske substrattrekk i norsk, nemleg prefikstap, etterhengd bunden artikkel og preaspirasjon.

Prefikstap

Fellesgermansk hadde ei rekkje prefiks som finst bevarte i aust- og vestgermanske språk, men som forsvann i nordgermansk. I fellesskandinavisk fanst det likevel spor av tidlegare prefiks, spor som framleis er til stades i moderne skandinaviske språk¹². Trass i dette omtaler Christiansen 1960:342–343 fellesskandinavisk/urnordisk som ”et praktisk talt prefiksløst språk”. Forklaringa ho gjev på prefikstapet, er denne (op.cit.: 359–360):

Prefiksene forsvant gjennom et samspill av alle de tendenser og krefter som bidrar til at et språk forandrer seg. Det skjedde dels ved semantisk slit og derav følgende synonymisering og substitusjon, dels ved en tendens mot forenkling av uttrykket, dels gjennom rytmeforandringer, som fikk avgjørende utslag i synkopen. Og kanskje den viktigste av alle faktorer var de ustabile sosiale og politiske forhold i folkevandrings-tiden.

Kvifor desse tendensane ikkje verka i aust- og vestgermansk, kjem ikkje Christiansen inn på. Men når vi veit at samisk til liks med andre finsk-ugriske språk opphavleg ikkje hadde prefiks¹³, men mange suffiks, er det nærliggjande å tenkje seg at prefikstapet i nordgermansk kan henge saman med nettopp dette. Korleis dette har gått føre seg, t.d. leksem for leksem, eller på andre måtar, kan vi sjølvsaugt ikkje vite noko om. Vanleg ordprosodi er trokeisk i samisk. Dette blei da også eit mykje hyppigare prosodisk mønster i skandinavisk etter prefikstapet. Vi kan òg tenkje oss at språkendinga

tok til med prosodien, altså at skandinavisk overtok det samiske trokeiske mønsteret, og at det i neste omgang førte til at trykksvake prefiks fall bort. At tapet av prefiksa i nordgermansk kan ha hatt sammenheng med kontakten med samisk, var alt Kylstra 1967 inne på.

-inn-suffigering

Jamfører vi samtidsnorsken med samtidsamisk, er truleg noko av det første vi legg merke til, at samisk er eit syntetisk språk, mens norsk i mykje sterkare grad er analytisk. Samisk har, til liks med finsk-ugrisk generelt, ein god del agglutineringsnoko som generelt er fremmedt for germansk. Men så har altså nordgermansk utvikla visse enklisefenomen som ikkje finst i andre germanske språk.¹⁴ Alle desse fenomen kan potensielt forklarast som samisk substrat. Her skal vi sjå på den såkalla etterhengde bestemte artikkelen, som finst i alt skandinavisk mål bortsett frå i sør- og vestdanske dialektar. Tidspunktet for når det etterstilte determinativet (*h*)*inn* blei suffigert med substantivet framføre, har det vore ein del diskusjon om. Dei fleste nyare framstillingar tidfestar dette til mellom det 7. og 12. hundreåret. Men det betyr likevel ikkje at *-inn-suffigeringa* fullt ut var grammatikalisert som bestemt artikkel så tidleg. Suffigert *-inn* hadde i den tidlegaste tida anten possessiv eller emfatisk funksjon; dei eldste eksempla har *alltid* possessiv funksjon (fleire døme i Kusmenko 2008:92–96).

Men korleis kan den etterhengde bestemte artikkelen ha noko som helst med samisk å gjere? Dei fleste som kjenner aldri så lite til samisk eller andre finsk-ugriske språk, vil snøgt innvende at desse språka jo ikkje markerer bestemtheit ved hjelp av artiklar. Finsk-ugriske språk høyrer til mellom dei språka som ikkje har artiklar. Derimot har dei possessiv deklinasjon, noko dei har felles med tyrkiske språk¹⁵. Dei possessive suffiksa i desse språka har same funksjon og tyding som possessive determinativ i germanske språk. Viktig er det også at protouralsk hadde bestemtheitsuffiks. Denne bestemtheitsfunksjonen er intakt i fleire moderne uralske språk, og fanst truleg i samisk òg, jamvel om samisk no dels har mista possessiv deklinasjon. (Kusmenko 2008:106).

Bestemtheit og possessivitet har opplagt noko til felles, funksjonelt og semantisk. Begge kategoriane er determinative. Vi ser denne samanhengen lett når vi omset mellom språk med og utan artiklar, t.d. norsk: *Han har brekt beinet*, tysk: *Er hat das Bein gebrochen*, altså begge med bestemt artikkel, finsk: *Hän on katkaissut jalkansa*, Nordsamisk: *Son lea doadján juolggis*, begge med possessivt suffiks (finsk *-nsa*, samisk *-s*). I motsetning

til det norske og tyske eksemplet ovanfor, vil den tilsvarende setninga i engelsk krevje possessivt determinativ: *he has broken his leg*. Felles semantikk gjer det altså muleg å tolke eit possessivmorfem i eitt språk som identisk med eit bestemtheitsmorfem i eit anna, og vice versa. Når vi i tillegg veit (Kusmenko 2008:92–96) at dei eldste belegga på *-inn*-suffigering i skandinavisk hadde possessiv og emfatisk funksjon, nett som possessivsuffiksa i samisk, er det ganske nærliggjande å lansere ein hypotese om språkkontakt. Dei språkhistorisk-kronologiske kjensgjerningane tilseier at kontaktretninga har gått frå samisk til skandinavisk. *-inn*-suffigering i skandinaviske språk er altså samisk substrat; etterhengd bestemt artikkel er eit resultat av kontakten med samisk. Resonnementet som denne konklusjonen byggjer på, er slik: I tida før *-inn*-suffigeringa utvikla seg, hadde nominalfrasen i det gamle nordgermanske språket, til liks med vestgermanske språk, fri ordstilling. Demonstrative determinativ kunne da ha ikkje berre deiktisk og emfatisk, men òg anaforisk-possessiv funksjon når bestemte tema-rema-vilkår var oppfylte. I ei setning som *hann hefir brottit bein (h)it* må determinativet *(h)it* etter kvart ikkje lenger ha blitt oppfatta som eit sjølvstendig ord, men som ein del av substantivet føre, altså *bein (h)it > beinit*. Grunnlaget for at dette skjedde, finst som alt nemnt i den tilsvarende samiske eksempelsetninga (*son lea doadján juolggis*) der possessivsuffikset (*-s*) også hadde anaforisk og emfatisk tyding. Det er altså snakk om ei omtolking av eit fenomen i fellekkandinavisk med ein etterfølgjande grammatikaliseringsprosess, som i dette tilfellet varte i fleire hundre år. Denne utviklinga må ha starta seinast i løpet av den 8. eller 9. hundreåret. Grammatikaliseringa av *-inn* som etterhengd bestemt artikkel heng altså saman med at fast leddstilling blei grammatikalisert. Tema/rema-forhold som tidlegare kunne uttrykkjast gjennom leddstilling, måtte no komme til uttrykk på andre måtar, i dette tilfellet gjennom artiklar. Resonnementet kan for så vidt også vere motsett: Etterhengt bestemt artikkel som jo inneber at tema blir uttrykt gjennom suffikset, gjev vilkår for fast leddstilling, og da blir rekkjefølgja motsett: først utvikling av artikkelsystemet, så fast leddstilling. Det første resonnementet er eit push-chain-resonnement, det andre eit drag-chain-resonnement.

I tillegg kan lydlikskapen mellom possessivt og demonstrativt determinativ i skandinavisk ha spelt ei rolle for at denne utviklinga kunne skje: *sinn* versus *(h)inn* i nom. mask., *armr inn*, versus *armr sinn*; i genitiv ser vi nesten totalsamanfall: *arms ins* versus *arms sins*.

Det finst etterhengt bestemt artikkel i andre indoeuropeiske språk enn dei nordgermanske, nemleg i somme av språka på Balkan (albansk, ru-

mensk, bulgarsk/makedonsk) og i armensk. I tillegg finst det ein ikkje fullstendig grammatikalisert suffigert artikkel i neoaustindoariske og vestranske språk, og jamvel òg i nordrussiske dialektar. (Kusmenko 2008:114–122) I alle dei nemnde tilfella synest den suffigerte artikkelen å ha utvikla seg på grunnlag av kontakt med nabo-språk med possessiv deklinasjon, og ikkje på internlingvistisk grunnlag aleine (loc.sit.). Så langt eg er i stand til å vurdere, er det dermed levert gode og overtydande argument for at *-inn*-suffigeringa i skandinavisk bør sjåast på som samisk substrat.

Preaspirasjon

Av dei moderne nordgermanske språka har islandsk og færøysk preaspirasjon. I fastlandsskandinavisk finst fenomenet iallfall i visse dialektar, i Norge m.a. i vestnorske, opplandske, trøndske og også nordnorske dialektar, i svensk i nordlege og austlege dialektar, i Västerbotten, Norrland, Härjedalen og i Österbotten i Finland. Vi ser altså at preaspirasjon finst beskrive meir eller mindre spreidd ut over store delar av Norge og Sverige. Det finst inga grundig totalkartlegging; særleg i område der preaspirasjon er fonologisk irrelevant eller fakultativ, er fenomenet knapt nemnt i dialektbeskrivelser.

Alle samiske språk, bortsett frå enaresamisk, har preaspirasjon. Historisk heng preaspirasjonen i samisk saman med utviklinga av stadievekslinga. Finno-ugristar har ulike oppfatningar om opphav og datering. Somme forskarar meiner at fenomenet har uralsk opphav. Andre hevdar at utviklinga tok til i protosamisk tid (1000 f.Kr. – 500 e.Kr.). Denne usemja er i vår samanheng irrelevant: Uavhengig av kva hypotese som er sikrast, må preaspirasjon i samisk vere eldre enn i skandinavisk.

Ein eventuell samanheng mellom preaspirasjon i nordgermansk og i samisk er drøfta i ein god del eldre forskingslitteratur. Fire forskjellige hypotesar er lanserte: 1) uavhengig parallellutvikling, 2) felles substrat, 3) påverknad skandinavisk > samisk, 4) påverknad samisk > skandinavisk. Mange har argumentert for typologisk parallellutvikling. At eit så sjeldsynt språktypologisk fenomen (Kusmenko 2008:162) skulle oppstå i to nabo-språk heilt uavhengig av kvarandre, verkar likevel merkeleg. Teorien om eit felles ukjent substrat er temmeleg spekulativ, og ein må iallfall ha avvist teorien om påverknad i den eine eller andre retninga før ein slik teori kan få forrang framfor nokon annan. Påverknad skandinavisk > samisk er umuleg av fleire grunnar. Den sikre dateringa av den samiske preaspirasjonen som mykje eldre enn den nordgermanske, er sjølvsagt eit hovudargument.

Eit anna argument er den sterke samanhengen mellom samisk stadiesveksling og preaspirasjon, noko mange forskarar har vore inne på (Wagner 1964, Liberman 1971). Kort oppsummert er hovudargumenta for å sjå på preaspirasjon i skandinavisk som eit språkkontaktfenomen som stammar frå samisk: 1) alderen på samisk preaspirasjon, 2) preaspirasjon som eit typologisk sjeldsynt fenomen og 3) det faktum at Sápmi var mykje større og samisk språk rakk mykje lenger sør i den tida da denne kontakten oppstod.

Kusmenko diskuterer preaspirasjon i samisk og skandinavisk over 67 sider (Kusmenko 2008:129–175), så framstillinga mi er ein sterkt forkorta versjon av den han gjev. Eg viser såleis dei som vil trengje djupare inn i desse prosodiske forholda, til Kusmenkos framstilling.

Det er som nemnt svært usannsynleg at eit sjeldhøyrd fonetisk fenomen skal kunne oppstå i to nabospråk heilt uavhengig av kvarandre. Når ein registrerer slike sjeldne fenomen i to språk som er i kontakt med kvarandre, er det nærliggjande å rekne med at forklaringa finst i språkkontakten. Neste steg består så i å nøste opp kronologien; kor oppstod fenomenet først? I dette tilfellet er det som nemnt heilt klart at preaspirasjon er eldre i samisk enn i nordgermansk. Dermed skulle konklusjonen vere gjeven.

Språkdrag som oppstod i tida mellom det 12. og 14. hundreåret

Dei fenomena som er aktuelle i den andre perioden som vi behandlar her, er dels heilt allmenne fenomen i norsk (og svensk) og dels dialektfenomen. Kusmenko 2008 held førestelt genitiv, samansette preposisjonar, jamvekt, jamning og konsonantforlenging for å vere kandidatar som kvalifiserer for å bli rekna som samiske substratfenomen. Eg har i denne samanhengen valt å konsentrere meg om samansette preposisjonar og konsonantforlenging, fordi eg meiner at argument for samisk substrat er sterkare for desse to fenomena enn for dei andre som Kusmenko nemner. Det første, altså samansette preposisjonar, er karakteristisk for norsk (og svensk) heilt generelt, mens det andre berre kjem føre i bestemte dialektar (både på norsk og svensk side).

Samansette preposisjonar i svensk og norsk

Norsk og svensk har ei rekkje samansette preposisjonar som i regelen består av to delar, eit adverb og ein preposisjon. Dei er samansette på to måtar,

reint formelt, men òg semantisk, idet dei har to semantiske fokus. Første delen, det opphavlege adverbet, denoterer ei detaljert stadtilvising, ei plassering i rommet, anten sett frå talaren sin ståstad i verda, eller frå utgangspunktet for den rørsla det er snakk om, mens andre delen, den opphavlege preposisjonen, denoterer plassering eller rørsleretning i relasjon til den aktuelle staden. Nokre aktuelle norske eksempel er: *framfor*, *frampå*, *framover*, *oppi*, *oppå*, *ovafor*, *nedanfor*, *nedpå*, *inntil*, *inni*, etc., etc. Kusmenko (2008:229–230) har gått gjennom ei rekkje norske og svenske ordbøker og grammatikkar og har talt ordboksførekomstar av slike samansette preposisjonar. I nynorsk har han funne meir enn 100, i det han kallar konservativt bokmål 70 og i svensk 60. Somme av desse har ein heilt transparent semantikk; det er så å seie den semantiske summen av dei to delane som utgjør tydinga. I andre tilfelle er tydinga leksikalisert og representerer ikkje lenger summen av dei to delane.

Det finst samansette preposisjonar i andre germanske språk. I dansk er det langt færre enn i svensk og norsk. Oftast er dei ikkje preposisjonar, men adverb, mens dei same uttrykka vil kunne fungere som både adverb og preposisjon i svensk og norsk. Det finst knapt nokon i gotisk, nokre få i tysk (t.d. *vorbei*, *gegenüber*) og i engelsk nokre fleire (*upon*, *within*, *without*, *into*, *onto*).

Finsk-ugriske språk uttrykkjer den slags romlege forhold som norsk og svensk uttrykkjer ved hjelp av preposisjonar, gjennom kasus. Dessutan har dei fleste finsk-ugriske språk postposisjonar og ikkje preposisjonar. Så slik sett kan det umiddelbart synast usannsynleg at norske og svenske samansette preposisjonar kan ha noko med samisk å gjere. Rett nok kan auster-sjøfinske og samiske språk, i motsetnad til andre finsk-ugriske språk, bruke det som opphavleg var postposisjonar preposisjonelt, t.d. lulesamisk *goade birra* (gammen rundt) eller *birra goade* (rundt gammen).

Svært detaljerte romlege forhold blir i samisk uttrykt gjennom postposisjonar. Det får nøye seg med dette dømet frå nordsamisk¹⁶:

heasta ruohtai viesu duohkai = hesten sprang bort til huset
 hest-NOM spring-3-PRET hus-AKK/GEN bakside –ILL (eigl. ”til husets bakside”)

dat lea viesu duohken = den er bak huset
 den/han-NOM ver-3-PRES hus-AKK/GEN bak-LOK

*dat boahtá viesu duohken*¹⁷ = den kjem frå baksida av huset
 den/han-NOM kom-PRES-3- hus-AKK/GEN bak-LOK

dat ruohtai viesu duogi = den sprang langs baksida av huset
den/han-NOM spring-3-PRET hus-AKK/GEN bak-AKK/GEN

Formelt har altså nordsamisk tre ulike endingar til ein og same postposisjon. Lule- og sørsamisk kan ha tre, fire eller fem, og kan såleis gjennom postposisjonar/preposisjonar markere retning meir språkleg differensiert enn nordsamisk. Somme av postposisjonane i lule- og sørsamisk kan jamvel gradbøyast.

Dei fleste samiske postposisjonane og preposisjonane er kasusformer av opphavlege substantiv som ikkje lenger blir brukte som sjølvstendige ord. Det finst om lag 100 postposisjonar i nordsamisk. Den semantiske funksjonen deira er nøyaktig den same som den vi finn i samansette preposisjonar i norsk og svensk. Grunnordet er eit staduttrykk, slik det opphavlege adverbet er det i skandinavisk, og kasusendinga markerer retning, på same måten som den opphavlege preposisjonen i skandinavisk.

Også andre finsk-ugriske språk har postposisjonar med to semantiske fokus. Kusmenko (2008:236–237) nemner i tillegg kaukasiske språk som har eit sterkt utvikla postposisjonssystem og som i kontakt med russisk har ført til utvikling av doble preposisjonar der.

Argumenta for at dei doble preposisjonane i svensk og norsk har utvikla seg som resultat av kontakt med samisk, er fleire. Typologisk likskap er eitt. Nokolunde identisk struktur eit anna. Eit tredje argument er det areallingvistiske. Fenomenet finst i ulike språk innanfor det same geografiske området. Dersom fenomenet er resultat av språkkontakt, må det ha opphav i samisk, og ikkje i skandinavisk; det må ha eksistert i samisk før det er dokumentert i nordgermansk.

Eit argument mot er at samansette preposisjonar òg finst i andre germanske språk, om ikkje i same omfang som i svensk og norsk. Ein kan jo godt tenkje seg at eit allment fenomen som finst i ulike språk av same ætt, kan ha større frekvens i eitt av språka enn i dei andre, eller at fenomenet kan ha vidareutvikla seg i eitt av språka og ikkje i dei andre. I dette tilfellet må vi da finne svar på spørsmålet om kvifor det aktuelle fenomenet har utvikla seg sterkast i nordgermanske språk, og først og fremst i det nordlegaste nordgermanske området. Også nordrussiske dialektar har mange slike samansette preposisjonar, mens det i russisk standardspråk berre er to. Alt Venker 1967 argumenterte for at dette kjem av interferens med finsk-ugrisk, og Kusmenko 2008 viser til han. Også sørrussiske dialektar som har levd i kontakt med kaukasiske og tyrkiske språk, viser det same: eit langt større

tal samansette preposisjonar enn det som finst i standardrussisk. På denne bakgrunnen er det derfor meir sannsynleg at omfanget av samansette preposisjonar i norsk og svensk har samanheng med at det finst typologisk liknande postposisjonar i samisk, enn at dei skandinaviske samansette preposisjonane har grunnlag i ei autonom intern språkutvikling, uavhengig av språkkontakt.

Skandinavisk konsonantlenging

I alle vest- og nordgermanske språk har opphavleg kortstava tostava ord gjennomgått ei kvantitetsendring med langstava førstestaving (dvs. med to moraer) som resultat. I vestgermanske språk blir vokalen normalt lengd. I tilfelle der konsonanten blir lengd, er forklaringane alltid morfofonologiske. Ikkje i noko vestgermansk språk finst det døme på konsekvent og systematisk konsonantlenging. I skandinavisk derimot kan den opphavlege korte stavinga utvikla seg på potensielt tre ulike måtar: 1) Vokallenging (i færøysk, dansk, sørsvensk og sørlege og vestlege delar av norsk). 2) Konsonantlenging (i trøndsk). 3) I eit mellomområde mellom 1) og 2) og nord for 2) er det veksling mellom vokal- og konsonantlenging, og ikkje nødvendigvis etter bestemte morfofonologiske reglar. Til dømes kan kvantiteten veksle i eitt og same ordet, både inter- og intraindividuell.

Alternativ 2) og 3) blir altså realiserte i det samisk-skandinaviske kontaktområdet i Sverige og Norge. Det er neppe tilfeldig. Det området der norsk og svensk har fullstendig eller delvis konsonantlenging, ligg for ein stor del i sørsamisk område, som har same utviklinga, altså lengd konsonantisme, mens t.d. nordsamisk også har bevarte kortstavingar. Denne parallellutviklinga med forlengd konsonantisme i sørsamisk og i ei rekkje norske og svenske dialektar er etter mitt syn eit sterkt argument for å lansere ein hypotese om språkkontakt, ikkje minst fordi vi igjen har å gjere med eit sjeldsynt lingvistisk fenomen, slik tilfellet også var med preaspirasjon.

Døme på samisk substrat i samtidsnordnorsken

Dei språktrekka som er diskuterte ovanfor, er alle trekk som er blitt integrerte i norsk (og svensk) språk heilt generelt eller som finst i bestemte norske (og svenske) dialektar, først og fremst i dialektar som har levd i kontakt med sørsamisk. Vi skal no gå over til å sjå på visse språkkontaktfenomen som framleis finst i (nordleg) nordnorsk. Bortsett frå eit par prosodiske

trekk er dei fleste av desse draga kjenneteikna ved å vere relativt ustabile og dels også idiosynkratiske. Dei representerer såleis ikkje fenomen som blir brukte av alle språkbrukarane av dei aktuelle varietetane. For ein del er det snakk om trekk som er på veg ut av språket, som eldre språkbrukarar har ein del av, men som forsvinn med yngre generasjonar. Eit par syntaktiske trekk er meir stabile og blir brukte av alle eller dei fleste brukarane av dei aktuelle varietetane, ved sida av den syntaksen som blir sett på som gjengs i norsk.

Nordleg nordnorsk prosodi skil seg frå prosodien i andre norske varietetar. Dette er heilt generelt og gjeld dialektane i Nord-Troms og Finnmark. Intonasjonen i desse dialektane liknar sterkt på intonasjonen i samisk og finsk. Dialektane har høgtone, til liks med andre nordnorske dialektar, men manglar tonemkontrast, truleg som eit resultat av kontakten med samisk.¹⁸ Eit anna markert prosodisk trekk er meir gjennomgåande trokeisk ordprosodi enn i andre norske varietetar, igjen noko desse norske varietetane har felles med samisk. Påfallande for andre norsktalande er førstestavingstrykk også i ord med prefiks, t.d. 'betale og 'fortelle. Også førsteleddet i toledda syntagma som 'tante Anne, 'Per Ola, 'Nils Hansen vik av frå gjengse norske trykkreglar, men stemmer overeins med samisk. Å uttale ord med prefiks med førstestavingstrykk er for språkbrukarane sjølv eit umiskjenneleg samisk substrattrekk, og samstundes sterkt stigmatisert. Likevel høyrer dette språktrekket framleis til i levande nordleg nordnorsk tale, jamvel om det nok er mindre frekvent enn det var tidlegare. Jamført med prefikstapet i fellesskandinavisk tid er det interessant å konstatere at trokeisk mønster slett ikkje treng å føre til tap av trykklette prefiks; ord med prefiks bli i staden tvinga inn i det overordna trokeiske mønsteret.

Relativt ustabile og meir eller mindre idiosynkratiske språkdrag er det mange av. Truleg var det langt fleire for ein generasjon eller to sidan. Her er det ikkje plass til å gå inn på alt som er kartlagt. Sidan hovudvekta har vore på morfologi og morfosyntaks i den språkhistoriske framstillinga, vil eg også illustrere samtidig språkbruk med nokre morfologiske og morfosyntaktiske/syntaktiske drag. Framstillinga nedanfor har berre med eit utval av slike trekk, og er på ingen måte fullstendig.

Genus

Det er vanskeleg å la vere å komme inn på genus når det er tale om samisk påverknad på norsk. Generelt kan vi seie at nordnorske dialektar har eit tre-genussystem¹⁹, mens samisk ikkje har genus. Det er godt dokumentert at

genussystemet/genussystema ser annleis ut i språkkontaktvarietetar enn i andre norske dialektar. Tap av genus ved språkkontakt er sameleis dokumentert (i engelsk og afrikaans t.d.). I somme tilfelle av eldre nordleg nordnorsk kan det vere spørsmål om det i det heile er rett å snakke om eit *genussystem*.

Genusavvika i høve til standardnorsk er blitt omtalte på ulike måtar i faglitteraturen, som veksling, blanding, ”tilfeldig” bruk av genus og liknande (jf. Bull et al 1986, Bull 2004, Todal 1996). Conzett, Johansen og Sollid 2010 beskriv slik avvikande genus gjennom omgrepa fokusert/ufokusert. Tidlegare generasjonar språkbrukarar i samiske strok hadde såleis eit diffust eller ufokusert genussystem. Over tid er dette systemet blitt meir og meir fokusert. Døma på fenomenet (uavhengig av korleis vi omtalar det) er talrike. Dei følgjande er tatt frå Todal 1996 og representerer skriftleg språkbruk:

en objekt

en pronomen

en bymiljø

en friluftsmenneske

hvis verbalet er i passiv funksjon, kan den ikkje være transitiv

litterær innhold

formell subjekt

folkeeventyret var veldig populær

Slik avvikande genusbruk var som nemnt mykje meir frekvent tidlegare enn det er i dag. Det er rimeleg at første- og andregenerasjonsbrukarar av norsk (etter eit språkskifte frå samisk til norsk) har meir av slike språktrekk enn seinare generasjonar. Og det er også heilt rimeleg at slik avvikande genusbruk førekjem hos brukarar av norsk som andrespråk og samisk som førstespråk.²⁰ No er avvikande genusbruk på veg ut av språket. I det materialet med nominalfrasar som Conzett, Johansen og Sollid (2011) byggjer på, utgjer genusavvika ein svært liten del det totale talet på frasar. Kor frekvente desse avvika var i tidlegare tider, har ikkje vore undersøkt. Fordi slike avvik nettopp er avvikande – avstikkande – og stigmatiserte, er frekvens ikkje nødvendigvis noko godt mål på den funksjonen dei har hatt i språkbruken til enkeltindivid, eller på korleis omgjevnaden har tolka fenomenet.

Artiklar/bruk av bunden og ubunden form

Dobbel bunden form med suffigert etterhengd artikkel er det vanlege uttrykket bunden form tar i norsk. Det finst likevel *eitt* unntak der dobbel bun-

den form er ugrammatisk, bortsett frå i språkkontaktvarietetar. Det gjeld dersom det kjem eit possessivt determinativ føre nomenet: *min gut*, versus *guten min*. **Min guten* er altså ugrammatisk. Nesheim 1952 har fleire døme på denne typen konstruksjonar:

Kor min tøflan e?

Kæm du e sin småguten?

Slike overgeneraliseringar av den norske regelen om dobbelt bunden form kan framleis observerast i nordleg nordnorsk, men er relativt sjeldhørde. Rießler 2002 diskuterer desse konstruksjonane i relasjon til finsk partitiv.

Objektstryking

Eit nominalt ledd i oblik posisjon som er identisk med eit anna nominalt ledd i setninga føre, kan strykast i språkkontaktvarietetar (og i samisk), men ikkje i annan norsk:

Kor e det kvite skautet? Ta [-] ned te mæ. (Nesheim 1952).

A: *Ta vækk di tenner.* B: *Nei, e ork ikkje å ta [-] vækk.* (Bull 1994: 134 f.).

Eg tok no ikke [-] så høytidelig. (Johansen 2009: 213).

E det vilje til å ta i bruk språket i heiman? Jada, det e en del som tar [- i bruk]. (loc.sit.).

Slike konstruksjonar heng truleg saman med at samisk har ein mykje rikare morfologi enn norsk, m.a. personbøying av verb, og såleis kan stryke fleire typar ledd enn ein kan i norsk. Så døma ovanfor må sjåast som transfer frå samisk. I det siste dømet er ikkje berre objektet stroke med òg eit underforstått preposisjonsuttrykk.

Bruk av tilstadskasus (illativ)

Illativ er tilstadskasus i samisk. No er det likevel slik at mykje av det som blir oppfatta som "til staden" på samisk, blir oppfatta som "på staden" på norsk. I språkkontaktvarietetar blir derfor adverbet *dit* ofte brukt i staden for *der*:

Det rømmes dit (Nesheim 1952, Sollid 2005:13).

Han hadde laga hesja dit opp (Nesheim 1952).

Æ elta dæ te byen. (= eg let deg bli att i byen) (Nesheim 1952).

Dem va dit å tok middag. (Pedersen 1994:122).

Verbvalens

I motsetnad til eksempla ovanfor som er relativt sjeldsynte og meir eller mindre idiosynkratiske, representerer avvikande verbvalens eit *stabilt* syntaktisk fenomen som er med på å skilje nordnorsk frå sørlegare dialektar.²¹

Langt fleire verb synest vere treverdige i samisk enn i norsk. Eit indirekte objekt i illativ på samisk vil ofte måtte omsetjast med ein preposisjonsfrase på norsk, bortsett frå i nordnorske dialektar. Ei rekkje verb som er toverdige i det meste av norsk, er såleis treverdige i nordnorsk. Eksempla nedanfor er heilt gjengse:

Skal eg skjere deg ei skive brød?

Vil du hente meg ei avis?

Kan du bestille meg billett til konserten?

Dette er trekk som språkbrukarane truleg ikkje er medvetne om, og det er ingenting som tyder på at verb som er treverdige berre i delar av norsk, er på veg til å bli toverdige.

Leddstilling

Deklarative hovudsetningar får ofte V3 leddstilling når eit anna ledd enn subjektet kjem først i setninga.

Først mora døde så ho blei fostra opp ned med kysten. (Johansen 2009:214).

Før eg bynte på videregående, så eg hadde aldri tenkt på det. (loc.sit.).

Eit anna ganske frekvent fenomen er plassering av objektet etter adverbiale ledd (i staden for etter verbet og før adverbialet).

Ho snakka med alle søstren sine samisk. (loc.sit.).

Man har jo muligheten til å lære av de eldre samisk. (loc.sit.).

Dette heng rimelegvis saman med den mykje friare leddstillinga i samisk.

Oppsummering; språkkontakttrekk i dagens språk

Dei fenomena eg har valt å ta opp i avsnitta ovanfor, er berre eit lite utval av språktrekk som kunne vore nemnde. Av plassomsyn har eg måtta utelate svært mykje av dei fenomena som er kartlagde i forskingslitteraturen. I ein annan samanheng (Bull 2004) har eg prøvd å gje ei meir omfattande utgreiing av språkkontaktfenomenen i moderne (nordleg) nordnorsk, og i Johansen 2009:211–214 finst eit vedlegg med ”Samiske substrattrekk i materialet” som har mange interessante eksempel. Dei fenomena eg har valt å ta fram her, er alle (bortsett frå det som gjeld prosodi og verbvalens) døme på ustabile og for ein del idiosynkratiske morfologiske, morfofonologiske og syntaktiske fenomenen i dei aktuelle norske varietetane. Fleire av dei er sannsynlegvis på veg ut av språket.

Konklusjon

Eg har i denne artikkelen prøvd å vise og så langt det lar seg gjere, å dokumentere, at samisk språk har hatt mykje større innverknad på norsk språk enn ein tidlegare har vore klar over eller har vilja akseptere. For min del er eg tilbøyeleg til å gå så langt som til å hevde at Skandinavia språkleg kan seiast å utgjere eit nordisk-finsk-ugrisk Sprachbund, og at kontakten med samisk (og finsk) er forklaringa på mange av dei særeigne språktrekka som finst i nordgermansk i høve til vest- og austgermansk. Om dette er rett, har det nokre implikasjonar for tenkinga vår kring dei aktuelle språka, norsk og samiske språk, og truleg òg for språkopplæringa i skolen.²² Rett nok høyrer samisk og norsk typologisk til ulike språkfamiliar og er gjensidig uforståelige språk, men i eit historisk perspektiv har dei vore gjensidig avhengige av kvarandre. Gjennom språkbrukarkontakt har dei påverka kvarandre gjensidig. Denne gjensidige påverknaden har skifta i styrke over tid, og han har til tider vore sterkt asymmetrisk. Men han har alltid eksistert. I eit framtids-perspektiv må det vi veit om fortidig språkkontakt, kunne gje oss grunnlag for å predikere at det er heilt utenkjeleg at norsk språk nokon gong vil utvikle seg uavhengig av kontakt med andre språk. Resultat av nyare språkmøte ser vi alt tendensar til gjennom dei endringane multietnisk ungdomsspråk representerer. Den store utfordringa ligg i å overtyde politikarar og den generelle allmenta om at norsk multietnisitet og norsk fleirspråklegheit kan og bør vurderast som ein ressurs, heller enn eit problem. På same måten som vi vel no etter om lag 150 års forfeila assimilasjonspolitik overfor samane omsider har innsett at den samiske folkegruppa og samisk språk og kultur gjer Norge rikare, burde det vere muleg å leggje til rette for at også møta med nye folkegrupper og nye språk skal ha positive ringverknader ut i samfunnet. Norsk språk ville ikkje vore som det er utan samisk, slik norsk i framtida heller ikkje kjem til å vere upåverka av dei språka norsk kjem i kontakt med. Enkelt sagt: Det er folk og ikkje språk som er i kontakt. Når folk er i kontakt med kvarandre på tvers av språkgrenser over tid, verkar det inn på dei involverte språka. At folk er i kontakt med kvarandre på tvers av språk- og kulturgrenser, er ein god ting. Altså må vi også kunne sjå på språkkontaktfenomen som ein heilt naturleg konsekvens av kontakt mellom menneske med ulike språk. I eit slikt perspektiv blir ”kebabnorsk” og ”guoppårdarogiella” å sjå på som meir enn gjennomsnittleg interessante og fascinerande varietetar av norsk.

Under nasjonalromantikken var devisen ”ein nasjon – eitt språk” dominerande. Kjenneteiknet på nasjonen var altså språket – i eintal. Slik nasjo-

nalistisk ideologi viste seg å vere nesten drepende for samisk. Det er no på høg tid å verdsetje ikkje berre det mangfaldet samane bidrar med i norsk samanheng, men òg dei språklege resultatane av samlivet mellom norsk- og samiskspråklege. Og det er kanskje på tide å begynne å tenkje at det fremste kjenneteiknet på ein moderne nasjonalstat er at han er *multi-*; multietnisk, multilingvistisk, multikulturell, multireligiøs, multi-, multi-, you name it!

Noter

1. Takk til ein ukjend konsulent for skarpe spørsmål og nyttige kommentarar til utkastet til denne artikkelen.
2. Samisk er eit interessant tilfelle i denne samanhengen. På den eine sida seier vi gjerne at det finst opp til ti forskjellige samiske språk (somme kallar rett nok desse varietetane dialektar), på den andre sida er det svært vanleg å snakke om samisk i eintal. Det gjer t.d. mest all relevant lovgjeving, også på samisk, *sámegiella* (sg.), og ikkje *sámegielat* (pl.) (nordsamisk). Slik språkbruk kan i verste fall bidra til å gje inntrykk av at det finst berre ein samisk varietet, som da vel vil vere nordsamisk.
3. Det er slett ikkje berre og slett ikkje alltid språkvitskapen som er skuld i at eit slikt syn har fått breie seg. All etnopolitikk kviler tungt på eit slikt anten-eller-perspektiv; anten er du same, eller så er du det ikkje. Om du vil registrere deg i samemanntalet, må du skrive under på at du har samisk identitet. Vi ser altså at ikkje berre språk-omgrepet, men òg identitetsomgrepet er eit anten-eller-omgrep i etnopolitiske samanhengar.
4. Disse språka har neppe vore i direkte kontakt med samisk, men har dei same substansrettrekka anten fordi dei aktuelle fenomen oppstod så tidleg som i fellesskandinaviske tid, altså før landnåmet på Færøyane og Island, eller, når det gjeld eventuell påverknad på dansk, at det har skjedd via påverknad frå andre skandinaviske språk.
5. Denne tidfestinga er svært grov og må vere det; pluss-minus nokre hundreår i begge endar er på ingen måte usannsynleg.
6. I periodar med språkleg emansipasjon og etnopolitisk revitalisering ser ein derimot ofte at minoritetsgrupper sjølve tar i bruk pejorative nemningar og såleis snur dei til noko positivt. Det var det Tor Mikalsen, manndaling og sametingsrepresentant, gjorde da han i 2008 lanserte nemninga *guohppárdárogiella*, *rognbollnorsk* (som ein slags pendant til *kebabnorsk*) om den norske varietetet som er i bruk i dei fleirspråklege områda i Nord-Norge (jf. Johansen 2009: 176).
7. Tar ein opp temaet Sprachbund på Balkan med ein serbar t.d., vil ein nok kunne oppdage at fenomenet slett ikkje er så ukontroversielt der som det er utanfor Balkan, og som faglitteraturen gjev inntrykk av.
8. At det er eit kreolspråk, har det på ingen måte alltid vore semje om. Den historiske diskusjonen om statusen til afrikaans illustrerer godt poenget ovanfor om at mange språkbrukarar reserverer seg sterkt mot tanken om at deira eige språk er 'blanda', og viser at denne reservasjonen historisk har nådd langt inn i lingvistanes rekkjer (Den Besten 1986, Romaine 1988, Kotzé 1999). At eit språk som blir brukt av kvite, skulle vere eit kreolspråk, har vel heller ikkje vore stovereint til alle tider.

9. Dette bygger ikkje på noka empirisk undersøking, men er eit sterkt inntrykk eg har frå tallause samtalar med finnmarkingar som oppfattar seg som norske, og tilsvarende etter eit opphald på eit halvt år i Cape Town og samtalar med afrikandarar der.
10. Om påstanden blir omformulert slik at han framstår som hypotese, har vi å gjere med ein hypotese som ikkje kan falsifiserast.
11. Somtid er det heller ikkje snakk om reelle, overleverte data, men konstruksjonar, som ofte blir omtalte som *re*konstruksjonar. For ingen av dei aktuelle samiske språka finst det språkmateriale frå så langt attende i tid. Alt er altså (re)konstruksjon.
12. Den vanlegaste eksemplet er det norrøne substantivet *granni* (med *g-* i framlyd som rest av eit tidlegare prefiks *ga-*, jf. med got. *garanza*). Det er prefikset *ga-* ein finn flest spor etter og som viser at tidleg fellesskandinavisk må ha hatt dette prefikset bevart.
13. Nyare samiske språk har lånt eit par trykksterke prefiks (som svarer til *u-* og *van-*) frå svensk og norsk.
14. I tillegg til suffigert artikkel (-inn-suffigering) er suffigert negasjon (i eldre språk) og suffigert passiv (-sk-suffigering) relevant.
15. I fleire av dei austersjøfinske språka (t.d. karelsk, vepsisk, finsk og estisk) er possessivsuffixa i ferd med å forsvinne, i somme så å seie heilt ute av bruk. Også i samisk er det tendensar til bortfall av possessivsuffixs.
16. Eksemplet er frå Kusmenko (2008:231). Han har det frå Nickel (1994:165). Glossinga er mi.
17. Fråstad- og påstadkasus har falle saman i nordsamisk.
18. Finlandssvensk skil heller ikkje mellom tonem 1 og 2. Dette blir forklart med at svensk i Finland alltid har levd i nær kontakt med finsk.
19. Eg vel å ikkje gå inn på diskusjonen om korleis genus bør definerast, anten som substantivkategori, eller som eit system der konvergens mellom nomen og diverse determinativ kjem til uttrykk morfosyntaktisk. Avhengig av kva ein vel å leggje vekt på, vil ein konkludere noko ulikt om genussystemet/genussystema i nordleg nordnorsk.
20. Engelsk og afrikaans er døme på språk som har mista genus. I afrikaans, som er eit ungt språk, må tapet av det togenussystemet som finst i nederlandsk, ha gått svært fort. Også visse dialektar i latvisk er utan genus, som resultat av kontakt med livisk.
21. Den einaste systematiske granskinga av dette fenomenet er Sæther 2001, som dokumenterer at for visse verbkategoriar skil nordnorsk seg ut frå annan norsk. Denne undersøkinga har eit dialekt syntaktisk perspektiv og ikkje eit kontaktlingvistisk.
22. Dei pedagogiske implikasjonane er sjølvsagt svært viktige, men å gå inn på dei her vil føre altfor langt. Til det trengst det ein heilt ny artikkel.

Referansar

- Bull, Tove, Jorid Hjulstad Junntila & Aud-Kirsti Pedersen 1986: Nominalfrasen i skibotnålet i Troms. I *Norsk lingvistisk tidsskrift* 1–2, 60–71.
- Bull, Tove 1994: Språkskifte og språkbevaring blant norske kystsamer. I Kotsinas, Ulla Britt & John Helgander (red.): *Dialektkontakt*,

- språkkontakt och språkförändring i Norden*. Stockholm, Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet, 129–139.
- Bull, Tove 2004: Samisk-nordisk språkkontaktforskning. Eit statusoversyn. I Kusmenko, Jurij /Hrsg.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. Hamburg: Verlag Dr. Kovac, 183–198.
- Bull, Tove og Anna-Riitta Lindgren (red.) 2009: *De mange språk i Norge*. Oslo: Novus.
- Börestam, Ulla og Leena Huss (red.) 2001: *Språklige möten. Tvåspråkighet och kontaktlingvistik*. Lund: Studentlitteratur.
- Christiansen, Hallfrid 1960: De germanske uaksentuerte prefikser i nordisk. I *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* 19, 340–382.
- Conzett, Philipp, Åse Mette Johansen og Hilde Sollid 2011: Genus og substantivbøying i nordnorske språkkontaktområder. I *Nordand – Nordisk tidsskrift for andrespråksforskning*, nr. 1, 2011.
- Den Besten, Hans 1986: Double negation and the genesis of Afrikaans. I Muysken, Pieter & Norval Smith (red.): *Substrata versus universals in creole languages. Papers from the Amsterdam Creole Workshop, April 1985*. Amsterdam: Walter Benjamins, 185–230.
- Den Besten, Hans 1989: From Khoekhoe foreignertalk via Hottentot Dutch to Afrikaans: the creation of a novel grammar. I Pütz, Martin & René Dirven (red.): *Wheels within wheels. Papers of the Duisberg Symposium on Pidgin and Creole Languages*. Frankfurt am Main: Peter Lang, 207–249.
- Eriksen, Knut Einar og Einar Niemi 1981: *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860–1940*. Oslo–Bergen–Tromsø: Universitetsforlaget.
- Hansen, Lars Ivar og Bjørnar Olsen 2004: *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: Cappelen.
- Jahr, Ernst Håkon 1997: Norway. I Goebel, Hans et al. (utg.): *Kontaktlingvistik. Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft 12.2*. Berlin, New York: de Gruyter, 937–948.
- Johansen, Åse Mette 2009: *”Velkommen te’ våres Norge”. En kvalitativ studie av språkbytte og språkbevaring i Manndalen i Gaivuotna/Kåffjord*. Oslo: Novus.
- Jones, Mari C. og Ishtla Singh 2005: *Exploring Language Change*. Oxon: Routledge.
- Kotzé, Ernst 1999: *Effects of attitudinal changes towards creolization in Afrikaans*. Unpublished paper.

- Kusmenko, Jurij [Kuz'menko, Jurij K.] 1980: Vzaimodejstvie dialektov i fonologičeskie izmenija (razvitie sistem glasnych v skandinavskih dialektach). I Borodina, Melitina (red.): *Vzaimodejstvie lingvističeskich arealov. Teorija, metodika i istočniki issledovanija*. Leningrad: Nauka, 100–160.
- Kusmenko, Jurij [Kuz'menko, Jurij K.] 1983: Istoki skandinavskoj metafonii (o saamskom vlijanii na skandinavskie dialekty). I Tolstoj, Nikita I. (red.): *Areal'nye issledovanija. Struktura jazyka i jazykovye izmenenija*. Moskva: Akademija nauk SSSR. Institut jazykoznanija, 96–100.
- Kusmenko, Jurij 2004: Samisch-skandinavischer Sprachkontakt. Gegenseitiger Einfluss. I Kusmenko, Jurij (red.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. Schriften zur Kulturwissenschaft. Hamburg: Dr. Kovač, 215–235.
- Kusmenko, Jurij 2005: Typology of language contact in the Balkans and in Scandinavia – the case of the suffixed definite article. I Ureland, Sture P. (ed.): *Studies in Eurolinguistics 2. Integration of European Language Research*. Berlin: Logos, 89–112.
- Kusmenko, Jurij 2008: *Der samische Einfluss auf die skandinavischen Sprachen*. Berliner Beiträge zur Skandinavistik (10), Nordeuropa-Institut, Humboldt Universität zu Berlin.
- Kusmenko, Jurij og Michael Rießler 2000: Traces of Sami-Scandinavian Contact in Scandinavian Dialects. I Gilberts, Dicky et al. (red.): *Languages in contact*. (= Studies in Slavic and general linguistics; 28). Groningen: Rodopi, 209–224.
- Kylstra, Andries Dirk 1962: *Substraatinvloed in het Oudnoors?* Rede uitgesproken bij de officiële aanvaarding van het ambt van hoogleraar in de oud-germanitiek aan de Rijksuniversiteit te Groningen op dinsdag 23. oktober 1962. Groningen: Wolters.
- Kylstra, Andries Dirk 1967: Zur Substratforschung. I *Orbis* 16 (1), 101–121.
- Kylstra, Andries Dirk 1983: Skandinavisch-lappische Parallelen. I *Symposium saeculare Societatis Fenno-Ugricae*. (= Suomalais-ugrilaisen seuran toimituksia; 185). Helsinki: Suomalais-ugrilainen seura, 159–177.
- Labov, William 1972: *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Liberman, Anatolij 1971: *Islandskaja prosodika. K fonologičeskoj charakteristike sovremennogo islandskogo jazyka i ego istorii*. Leningrad: Nauka.

- Nesheim, Asbjørn 1952: Samisk og norsk i Lyngen. I *Sameliv*, 123–129.
- Nickel, Klaus Peter 1994: *Samisk grammatikk*. Davvi girji O.S.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1988: *Stadnamnlån: fonologi og ortografi i lydleg lånte stadnamn med eit oversyn over fonologien i norsk på Skibotn og i Kvænangsbotn*. Upublisert hovudoppgåve i nordisk språk. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Pedersen, Aud-Kirsti 1994: Restar av samisk i kaldfjordmålet. I Holmen, Tone (red.): *Kvinneforskermaraton*, Tromsø: Universitetet i Tromsø: 115–128.
- Opsahl, Toril, Røyneland, Unn og Svendsen, Bente Ailin 2008: ”Syns du jallanorsk er lærris, eller? – om taggen [lang = X] i NOTa-Oslo-korpuset [”Jalla-Norwegian is a riot, innit?” – om taggen [lang = X] in the NoTa-Oslo copus). I Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen (red): *Språk i Oslo. Ny forskning omkring talespråk*, Oslo: Novus, 29–41.
- Rießler, Michael 2001: North Scandinavian and Saami – two morphosyntactic parallels. I Holmer, Arthur et al. (red.): *Proceedings of the 18th Scandinavian Conference of Linguistics*. Lund: Lunds universitet, 167–179.
- Rießler, Michael 2002: Samiskt och finsk subtrat i nordskandinaviska dialeker. I Kusmenko, Jurij og Sven Lange (red.): *Strövtåg i nordisk språkvetenskap* (= Kleine Schriften des Nordeuropa-Instituts; 27). Berlin: Nordeuropa-Institut, 78–90.
- Rießler, Michael 2004a: On the Origin of Preaspiration in North Germanic. I Jones-Bley, Karlene et al. (red.): *Proceedings of the Fifteenth Annual UCLA Indoeuropean Conference* (= Journal of Indo-European studies monograph series; 49). Washington, DC: Institute of the Study of Man, 168–185.
- Rießler, Michael 2004b: Präaspiration im Nordgermanischen, I Kusmenko, Jurij et al. (red.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. (=Schriften zur Kulturwissenschaft; 55). Hamburg: Dr. Kovač, 199–213.
- Rießler, Michael 2006: Die Evolution attributiver Markierung im Nordgermanischen. I Hornscheidt, Antje et al. (red.): *Grenzgänger. Festschrift zum 65. Geburtstag von Jurij Kusmenko*. (=Berliner Beiträge zu Skandinavistik; 9). Berlin: Nordeuropa-Institut, 258–274.
- Romaine, Suzanne 1988: *Pidgins and Creoles*. London: Longman.
- Sollid, Hilde 2005: *Språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Oslo: Novus.

- Svendsen, Unn og Svendsen, Bente Ailin 2008: Multiethnolectal facts and functions in Oslo, Norway. I *International Journal of Bilingualism* 12 (1 & 2), 63–83.
- Sæther, Kari-Anne 2001: *Dialektforskjeller i realiseringa av indirekte objekt*. Utrykt hovudfagsoppgåve i nordisk språk. Universitetet i Tromsø.
- Thomason, Sarah G. 2001: *Language Contact. An Introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Thomason, Sarah G. & Terrence Kaufman 1988: *Language Contact, Creolization and Genetic Linguistics*, Berkeley, Los Angeles, London: University of California Press.
- Todal, Jon 1996: Interferens, negativ transfer, substrat eller etnolekt. Om det norske språket hos tospråklige samisktalende. I Balto, Asta (red.): *Kunnskap og kompetanse i Sápmi. En samisk skole i emning*. Karasjok: Davvi Girji, 105–118.
- Veenker, Wolfgang 1967: *Die Frage des finno-ugrischen Substrats in der russischen Sprache*. Indiana University Publication. Uralic and Altai series, 82. Bloomington: Indiana University.
- Wagner, Heinrich 1964: Nordeuropäische Lautgeographie. I *Zeitschrift für celtische Philologie* 29, 225–298.
- Wiik, Kalevi 1995: The Baltic Sea Prosodic Area Revisited. I Sohunen, Seppo (red.): *Itämerensuomalainen kulttuurialue –The Fenno-Baltic Cultural Area* (= Castre-nianumin toimitteita; 49). Helsinki: Suomalais-ugrilainen seura, 75–90.
- Wiik, Kalevi 1997: The Uralic and finno-Ugric Phonetic substratum in Proto Germanic. I *Linguistica Uralica* 33 (nr. 4, 1997), 258–280.
- Wiik, Kalevi 1999: North European Populations and Languages. I Künna, Ago (red.): *Indoeuropean-Uralic-Siberian linguistic and cultural contacts* (= Fenno-Ugristica; 22). Tartu: University of Tartu, Division of Uralic languages, 292–300.
- Winford, Donald 2003: *An Introduction to Contact Linguistics*. Oxford: Blackwell.
- Zachrisson, Inger 1996: Südliche Samen – Archäologie und schriftliche Quellen. I Larsson, Lars Gunnar (red.): *Laponica et Uralica. 100 Jahre finnisch-ugrischer Unterricht an der Universität Uppsala* (= Studia Uralic Upsaliensia; 26). Uppsala: Almquist & Wiksell, 127–135.
- Zachrisson, Inger et al. (red.) 1997: *Möten i gränsland. Samer och germaner i Mellan-skandinavien*. (= Monographs/Statens Historiska Museum Stockholm; 4). Stockholm: Statens Historiska Museum.

- Zachrisson, Inger 2001: Encounters in Border Country. Saami and Germanic peoples in central Scandinavia. I Arrhenius, Birgit (red.): *Kingdoms and Regionality*. (= Theses and papers in archeology; B 6). Stockholm: Archeological Research Laboratory, 13–17.
- Zachrisson, Inger 2003: Sørsamisk historie – arkeologi (genetik, språk). (=Foredrag: Sørsamisk seminar, 21. mars 2003, Sverresborg) [<http://www.kulturnett.no/dokumenter/dokument.jsp?id=T12114708> (16.11.2007)]
- Zachrisson, Inger 2004: Samisk-nordiska kulturkontakter i Mellanskandinavien under 6–700-talen e.Kr. (vendeltid) – utifrån det arkeologiske materialet. I Kusmenko, Jurij K. (red.): *The Sámi and the Scandinavians. Aspects of 2000 years of contact*. (=Schriften zur Kulturwissenschaft; 55). Hamburg: Dr. Kovač: 9–16.
- Zachrisson, Inger 2006: För tusen år sedan. En resa bland sydsamer. I: Amft, Andrea og Michael Svonni (red.): *Sápmi YIK – Livet i samernas bopättningsområden för ett tusen år sedan*. (= Sámi dutkan; 3). Umeå: Samiska studier, Umeå universitet, 75–84.

Abstract

Sámi influence on the Norwegian language

The article discusses potential influence from Sámi languages on the Norwegian language, from BC till today. Given that historical linguistics and language history traditionally have argued that language contact between Sámi and North Germanic has been characterized by a unilateral direction of influence, from North Germanic to Sámi (or Finnish, for that matter), and not vice versa, the topic of the article is rather controversial.

The structure is chronological and divides the article into three parts. The period between the 6th and the 11th century deals with loss of prefixes, -inn-suffixation and pre-aspiration. The chosen substratum examples for the period between the 12th and the 14th century are compound prepositions and consonant lengthening. The modern examples include more unstable and idiosyncratic features: diffuse and unstable gender allocation, "unorthodox" use of articles and definite/indefinite forms, object deletion, illative case forms, verb valency rules and word order.

Keywords: Sámi languages, Nordic (Scandinavian) languages, diachrony, substratum, Sámi substratum features in Scandinavian.

`tove.bull@uit.no`